

VOLDA VGS REHABILITERAST

I perioden 20.juni 2007 og fram til skulestart 2009 er Volda VGS under rehabilitering, og store delar av skulen sine areal vil då bli brukt som anleggsområde.

Byggesteg 1, som omfatta ny realfagavdeling, vart ferdigstilt 17.april 2007. Byggesteg 2 starta i april 2007, og vil verte ferdig til jul 2008. Byggesteg 3 startar i løpet av august 2008.

Både ute og inne vil den daglege drifta ved skulen bli påverka av byggeaktivitetane, og vi ber om at både elevar og lærarar ved skulen tar omsyn til dei reguleringar og restriksjonar som blir naudsynt i samband med byggeaktivitetane. Skilt med pålegg og hendvisningar skal respekterast, dette fyst og fremst med tanke på tryggleik.

Heis

I byggesteg 1 vart etablering av nytt heis starta. Denne vart meint å ferdigstillast til skulestart 2008, men ettersom der har kome til nye tilpassingar mot byggesteg 3, vil heisanlegget ikkje kunne nyttast før heile rehabiliteringa er ferdig (sjølv om heis vil bli ferdig før).

Administrasjonsfløy

Ny administrasjonsfløy i 2.etg. blir ferdig til jul 2008, og det vil samstundes bli opna for ny inngang på nordsida av skulen.

Vestibyle og kantine

Byggesteg 3, som og vil bli oppstarta i haust, vil verte ope og tilgjengeleg for alle i eit redusert omfang fram til jul 2008, men inngang til dette arealet vil verte frå austsida av skulen. Berre varemottak skal unntaksvis kunne skje frå vestsida. Frå nyttår vil heile denne delen av skulen bli stengt.

Tilkomst til dei ulike delar av skulen

Lærarkontor og administrasjon

Tilkomst via realfagavdelinga i u.etg. og Trapperom 1, eller via inngang i aust (nedanfor festsal). Frå nyttår vil tilkomst bli via ny inngang i nord.

Realfagavdeling i u.etg.

Tilkomst via ny inngangsdør i sør.

Klasseromfløy

Tilkomst via inngang i Vest-Enden, der vaktmeister har sitt kontor. Frå nyttår vil det og bli ny tilkomst på nordsida.

Røming ved brann

Det vert satt opp særskilt skilting som gjeld røming ved brann. Rømingsvegar frå 2. og 3.etg. i klasseromfløy vil i slike høve bli gjennom anleggsområdet i perioden 20.august til 31.12.2008. Det vil ikkje bli høve til å nytte anleggsområde som transport- eller gangsone for lærarar og elevar til anna enn røming ved brann.

Veidekke Entreprenør AS og Møre og Romsdal Fylkeskommune takkar på førehand for godt tolmod og godt samarbeid, slik at dei nødvendige arbeida kan bli utført på beste måte.

